

Leikanger KYRKJELYDS BLAD

Nr. 3 - 2015 Årgang 69

Advent og jul i Leikanger

Gerd
Kyrkjefolk i Saften
Teater i kyrkja
Konfirmantane

Julenatt: Alt om
julegudstenestene

Gje tryggleik til jul
Nytt sokneråd



Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOGNDAL

KYRKJEKONTOR

Besøks-/postadresse:

Kyrkjevegen 6, Stedjetunet, 6856 Sogndal

Tlf sentralbord: 57 67 99 85,

E-post: post@sogndal.kyrkja.no

KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide

Telefon mobil: 404 76 682

E-post: kyrkjeverje@sogndal.kyrkja.no

jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Egon Askvik

E-post: easkv@online.no Tlf. 907 63 554

Treffetid etter avtale - måndag fri.

KYRKJETENAR/REINHOLDAR:

Cristina Sandor

E-post: cristinasandor82@yahoo.com

Tlf. 482 17 237

KANTOR:

Hallgeir Øgaard

E-post: hallgeir@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 940 03 834 Heimeside: www.hallgeir.com

SOKNERÅDSLEIAR:

Björg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

KYRKJELYDSPEDAGOG

Monica Ugulsvik

monica@sogndal.kyrkja.no

Tlf 907 17 319

LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Kirsti Svangstu

kirsti.svangstu@enivest.net Tlf: 915 82 293

www.facebook.com/leikangerkyrkja

www.kyrkja.no Kyrkja sentralt sin nettstad

www.kyrkja.no/bjorgvin Bjørgvin

bispedømme sine heimesider

www.leikanger.kommune.no/kyrkja

Informasjon om Leikanger kyrkje, tilsette og
gudstenesteliste

www.sogndal.kyrkja.no Informasjon om

kyrkja i Leikanger og Sogndal

www.kyrkjefolk.no

om boka Kyrkjefolk

LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

organ for Leikanger sokneråd

Redaktør: Egon Askvik

Redaksjonsnemnd:

Signe Eikenes og Kirsti Svangstu

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk: Husabø prenteverk

Neste nummer kjem i mars.

Mors julekveld

Je sitter og tenker på julekveld, mor -

je mins den så vel fra før:

Når maten sto ferdig i skåp og på bord,

og høgtida knakket på dør,

da kom du fra fjøset i nyfallen snø

med kveldsmjølka skumkvit i spann.

Og tusentall froststjerner tok til å strø

sitt sølv over helgstile land.

Du stanset på stien – du sto der og såg

med sinnet mot høgtida spent.

Som alteret kvitduket Køsslia låg

og lys hadde stjernene tent.

Slik stod du der mangen en julekveld blå

på fjøsstien – lita og trøtt.

Men aldri hørte du klokkene slå

den kvelden da Jesus vart født.

Nei, malmljomen trøtnet mot granskog og tall

der langt bakom høgdenes ro.

Nærmere er det til Betlehems stall

for den som har enfoldig tro.

Om aldri ei tårnklokkes dirrende klang

til deg djupt i skogen fant inn,

så tonte dog viddenes julekvelds-sang

mildt mot ditt menneskesinn.

- Hans Børli

Det er mange som av ulike grunnar ikkje kjem seg til kyrkje
denne jula. Og det er mange som slit med å finna julestemninga.

Det var heller ikkje julestemning på Betlehemsmarkene den
første julenatta. Dei var meir lik henne som "står på fjøsstien

- lita og trøtt". Jesus Kristus kjem til vanlege menneske,

julestemning eller ikkje. Til alle trøytte, til alle forkomne, ja til oss
alle tonar det ein song: "Fred over jordi, menneske gled deg, oss

er ein evig Frelsar fødd!"

Egon Askvik





Gerd Haugen er ein av hundre i boka "Kyrkjefolk". Her møter du henne i eit utvida intervju.

Gerd Haugen (72):

Givande å vera i kyrkja

Det har vore ei stor gudstenestereform i Den norske kyrkja. Eg vart spurd om å vera med å arbeida ut ein ny liturgi for gudstenestene her hjå oss. Eg såg kanskje ikkje det store behovet for endring, men ser at det no har blitt mange som er involverte i gudstenestene. Det er eit stort pluss.

Mine oppgåver har for det meste vore å tenna lys i globen, be for ulike tema og ta inn takkoffer. Det er med glede, men også respekt eg utfører desse oppgåvene. Det er eit veldig fint samarbeid mellom alle som er involverte i gudstenestene, ungdommane må få ekstra skryt! Alle er så flinke og tek oppgåvene alvorleg. Det er givande å vera i kyrkja. Med den nye gudstenesteordninga trur eg at kyrkjeporten har vorte breiare, kyrkjedøra høgare og terskelen lågare – at me har ei kyrkje "for alle" slik intensjonen var.

Eg tykkjer òg det er fint at songarar og musikarar medverkar ved spesielle høve, som jul og påske. Men det aller kjekkaste er å sjå konfirmantane i sving under gudstenestene, korleis dei tek oppgåvene sine alvorleg og kor fint dei utfører handlingane. Eg vert rørt når eg ser dei.

Gerd kjem frå Finsrud i Eidskog kommune, ved svenskegrensa. Ho er gift med Bjarne og har arbeidd ulike stader, sist i Sogn og Fjordane fylkeskommune, opplæringsavdelinga. Der var ho frå våren 1986 til ho gjekk av med pensjon for sju år sidan.

Ville aller helst vore dyrlege

– Eg ynskte eigentleg å verta sjukepleiar, men mor mi meinte eg ikkje hadde "nervar" til det. Kanskje hadde ho rett. Det er eit veldig ansvar. Aller helst ville eg ha vore dyrlege. Eg voks opp på ein liten gard. Eg elska dyra, spesielt kyrne, hesten og dei to kattane. Då eg var 11– 12 år skulle me skriva stil om vår første sorg. Då skreiv eg om då me mista huskatten me hadde hatt så lenge eg kunne minnast. Då såg eg mamma gråte for fyrste gong.

Gerd har vore aktiv i fleire lag og organisasjonar i bygda.

- Eg deltok på og leia dametrim for SYRIL nokre år og saman med Bjarne hadde vi ansvaret for idrettsmerkeprøvene. Eg hadde òg ansvar for å leggje ut deltakarbøker i trimpostane rundt omkring og hente dei inn att om hausten. Her hadde eg god hjelp av spreke Knut Haukeland til dei høgaste postane.

Det greip meg sterkt

Korleis var forholdet til den kristne trua i oppveksten din?

Eg har alltid hatt eit forhold til kristendommen. Mamma var flink til å syngja for oss og be kveldsbøn. Me fekk reisa på kristen ungdomsleir på sumaren. Eg hugsar spesielt leiren sumaren 1954, for då fekk vi oppleve full solformørking for første gong.. Det vart heilt stille, ikkje eit fuglepip var å høyre.

Me hadde ikkje bil i mi oppvekst, så me var ikkje så ofte i kyrkja. Det var ei mil til kapellet og to mil til kyrkja. Men me gjekk på Bedehuset og Betania. Andre dag jul i alle år kom presten og hadde gudsteneste på Bedehuset. Då var me alltid der.

Korleis opplever du å vera til gudsteneste?

– Gudstenester og kyrkjelege handlingar gir meg ofte mykje å tenkja på. Eg hugsar ei gravferd i vår eiga kyrkje då presten vår formidla korleis me alle har ansvar for våre medmenneske. Det senka seg eit alvor over alle. Eit anna veldig godt minne er frå ei påsegudsteneste der songen, musikken og presten sin tale uttrykte ei ekte glede over at Jesus var stått opp frå dei døde. Me fekk ta del i denne gleda og det greip meg sterkt. Det er ekstra stas å gå til kyrkje i påskehøgtida.

Nokre gonger skulle eg ynskje at vi hadde ei gudsteneste lik den vi ser frå "gospelkyrkjene" i USA der dei klappar, jublar og syng. Men det går kanskje ikkje her?

Når eg møter opp i kyrkja er det helg, eg er ute av kvardagen, og eg har det oftast godt. Men eg kan òg få tankar om ting eg kunne ha gjort annleis. Dette med tilgjeving opptek meg sterkt. Eg tykkjer ei setning i Vår Far, som Fadervåret heiter no, er vanskeleg: «Tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar». Tyder dette at eg ikkje får tilgjeving dersom eg ikkje sjølv kan tilgje?

Dei som ikkje klarar seg sjølve

– *Kva brenn du for?*

– Eg vil så gjerne gjera noko for dei som ikkje klarar seg sjølve, eller som fell utafor på eit eller anna vis. Eg er glad i eldre folk. Eg er tilkallingshjelp på demensavdelinga på sjukeheimen Det er eit meningsfullt arbeid. På samlingsstunder tek me fram songboka og syng med den stemma me har. Eg kjem heim etter kvar vakt med glede i hjarta.

Caravaggio, songen og Børli

Saman med Bjarne har eg vore i Roma fleire gonger. Fleire av Caravaggio sine måleri har gjort sterkt inntrykk på oss. Mellom anna "Matteus vert kalla" som heng i



Caravaggio har måla "Matteus vert kalla". Det heng i kyrkja San Luigi dei Francesi. Gerd og Bjarne har vore fleire turar i Roma og Caravaggio sine kunstverk har gjort sterkt inntrykk på dei.

kyrkja San Luigi dei Francesi. Han har òg måla "Peter vert krossfest" og "Paulus si omvending" som heng i kyrkja Santa Maria del Popolo.

– Fortel litt om "Matteus vert kalla"

– Me ser Jesus kjem på tollbua. Matteus var tollar og sit saman med dei andre på tollbua. Jesus peikar han ut og seier: "Følg meg!" Matteus peikar på seg sjølv – er det meg, ein tollar, ein syndar du meiner? Det er eit sterkt bilde. Det står at han sto opp og fylgde Jesus. Caravaggio er fødd i 1573 og er kanskje den største kunstnaren i den tidlege barokken. Han er kjend for sine spektakulære religiøse måleri. Dei er prega av realisme i skildringa og med ein effektfull bruk av dramatiske kontrastar mellom lys og skygge. Som modellar til sine bibelske personar nytta han modellar frå slumkvartala, noko som var omstridd i samtida.

Gerd er glad i song og voks opp med mykje song, og det var både mandolin, gitar i trekkspel i heimen. Ho er medlem i Systrond damekor. Sjølv meiner ho at ho truleg hadde stroke viss det var opptaksprøve.

– Eg er ikkje nokon kløppar, korkje på halleluja eller

shalala, seier ho og smiler.

– Har du ein salme eller ei bibelhistorie som er viktig for deg?

– Me hadde bibelsoga på folkeskulen, det var då eg første gongen hørde om "den bortkomne sonen". Eg var åtte år. Det gjorde inntrykk. Det var som eit eventyr. I dag ser eg ein far som elsker, utan å døma, men som tilgjev og gler seg over ein son som er komen heim.

"Navnet Jesus" og "Bred dina vida vingar" er mine favorittsalmar.

Eg kjem frå same kommunen som Hans Børli og er veldig glad i dikta hans. Eg likar det enkle, det som kan seiast med små ord. Eg er særleg glad i diktet, Mors julekveld, som minner meg om mi eiga mor og hennar livsvilkår.

Bokslepp med latter og ettertanke



Foto: Ørjan Talle

Tekst og foto: Sigrid Svartefoss/Sogn Avis 3. oktober 2014

– Med denne boka vil eg gje ei stemme til sokneborna, seier Egon Askvik på boksleppet i Saften torsdag kveld.

Dørgande stille

Ein kveld som byrja lysteleg med Nils Menes og Svein Røysum med skrå blick til boka, og han Egon som fekk slik ein glup idé.

Minst 300 systrendingar fylte salen, til bokbad, og mykje song. Lena Skjerdal og Liva song «Den første song», Oddrun Ugulsvik Myklebust og syriske Diljin Ali, og det var fellessong.

Stemninga var høg, men under samtalen mellom Askvik og Ingar Husabø (32) vart det dørgande stille i salen.

Sterke inntrykk

Ingar Husabø arbeider om bord på «Bourbon Orca». På boksleppet fortalde han korleis dei brått var midt i ein stor flyktningekatastrofe.

Skipet mottok "mayday" frå redningssentralen i Roma med ordre om å gå snarast til eit område nord for Libya. Ein båt med 500 flyktningar hadde forlist.

– Då me nærma oss, blinka det frå redningsvestar, og lik av ungar og vaksne flaut i sjøen. Me var ikkje førebudde på dette, og først søkte me rundt etter menneske som var i live. Me fann to i live. Deretter var det å plukka opp alle lika som flaut i sjøen.

Tett på

– Det gjer inntrykk når ein står med lommelykt og lyser etter lik. Då forstod me at me hadde det utruleg godt

heime, sa Ingar. Han fortalde at dei på det meste tok 480 flyktningar om bord på skipet.

– Ein gong hadde fekk me 50 born der, ein heil barnehage på dekk, seier Ingar. Han fortel at mannskapet har plukka opp 2.000 flyktningar frå søkkeferdige båtar i Middelhavet.

Alle har ei historie

– Kyrkja skulle også engasjere seg for flyktningssituasjonen i verda, seier Ingar i boka.

– Eg ville skriva boka «Kyrkjefolk» fordi eg meiner folk flest har mykje å tilføra kyrkjefellesskapen av tankar og meiningar. Det er ikkje berre dei som går til kyrkje kvar sundag som er kyrkjefolk, seier Askvik. Han er oppteken av at alle har ei historie, men ikkje alt som har kome fram i dei mange samtalanane kan du lesa i boka.

– Det vert mellom oss, seier Askvik. Han har portrettert eit medlem frå kvart alderssteg frå 1-101 år. Alle han intervjuar, fekk lov til å seia kva som skulle stå i boka.

Gud veit

– Kor ideen kom? Kanskje frå Gud sjølv? Gud veit. Eg har lyst til å gje ei stemme til kyrkjelyden min. Dei har òg sine historier, seier Askvik. Han er soknepresten som har gått på dørene til sokneborna sine og snakka om kyrkja, om trua og om Gud.

– Du skriv i forordet at arbeidet med boka vart eit vegskilje i di presteteneste. Korleis? spør Idun Husabø som intervjuar Askvik på scenen.

– Det har vore så mange inntrykk, eg har fått utruleg mange innspel, og ting å tenkja på. Eg er gledeleg overraska over at så mange vågar å vera kritiske, og eg er samd i mykje av kritikken.

Ikkje i kloster

– Eit flott konsept, seier Anna Helena Hamre. Ho vedgår at det var ei utfordring å stå fram offentleg om eit så personleg tema som trua di er.

– Det er noko du snakkar med vener og familie om, men ikkje offentleg. Då me først kom i gang, var det kjekt, seier Anna Helena. Som 15 år gamal oppsøkte kloster i Oslo for å verta nonne. Klosterliv vart det ikkje.

– Når eg les denne boka, ser eg ei bygd der kyrkja står sterkt. Egon har reist ein bauta over kyrkjefolket, seier biskop Halvor Nordhaug. Han legg ikkje skjul på at kyrkja har ei stor utfordring.

Og biskopen hadde merka seg fleire av kommentarane til dei 100 kyrkjemedlemene i Leikanger.

– Mange seier at dei er glade i kyrkja, men dei går der ikkje så ofte. Det tykkjer eg de kan gjera.



EGON ASKVIK KYRKJEFOLK





GRIPANDE: Ingar Husabø tok flyktningetragedien i Middelhavet med seg til boksleppet. I samtale med Egon Askvik fortalde han om dei hjarteskjerande opplevingane sine.



I KØ: Pågangen etter å kjøpa den unike boka var stor.



**Kjøp julegåva til slekta og utflytte
systrenderingar!
Boka KYRKJEFOLK vil dei garantert lesa med
interesse.**



Jonas Navarsete på kyrkjeturné

Torsdag 17.desember kl.19 kjem Jonas med trio Cinclus til Leikanger kyrkje med programmet "Jul i Sogn".

Trioen består av Ingjerd Forbord (fiolin), Claudia Stephen (piano) og Elfi Maria Øhre Marcussen (cello).

Vaksen: 200,- Student & born u/18: 100,-

– Godt eg hadde med lommeduk

Kven treng Litteraturhuset? stod det å lesa på Facebook torsdagskvelden 1. Oktober, etter lanseringa av den mykje omtalte "Prestaboki". Idun har sjølv sagt heilt rett; ein treng verken storbyen, litteraturhuset eller kjendisar så lenge ein har dyktige og interessante folk som kan gje oss noko med meining og substans.

Boklanseringa i Saften vart eit flott arrangement, der Idun A. Husabø fekk Egon til å fortelje om bakgrunnen for boka og kvifor han gjekk i gang med prosjektet. Lars Nes fortalde om forlaget sitt arbeid, og biskop Halvor Nordhaug gjesta scena og kommenterte boka i positive ordelag.

For min eigen del var det godt eg hadde med lommeduk, sidan tårer måtte tørkast i fleire omgangar, først når Lena og Liva saman song «Den fyrste song» til Jonas, det siste tilfanget i kyrkjelyden, son til to av «kyrkjefolka». Sterkt vart det òg då Ingar fortalde om sine opplevingar på Middelhavet, og ikkje minst då syriske Diljin Ali med si særeigne og vakre stemme avslutta arrangementet med

«Gje meg handa di, ven når det kveldar». Andre flotte musikalske og humoristiske innslag, film og fine samtalar med nokre av «kyrkjefolka» gjorde bokbadet til ein innhaldsrik og minneverdig kveld for bygdefolket.

Resten av kvelden gjekk med til lesing. Endå meir grining, og mykje som gav grunn til å smila, og. Sterke historier, interessante betraktningar om mangt og mykje. Eg er nysgjerrig. Det er godt å lesa om vanlege menneske med vanlege liv som har noko å melda. For meg var det kjekt å bli mint på min eigen barndom, sundagsskulen, den årvisse «holebasaren» hjå Eldbjørg og Olav Åm på Grindsstrondi, Ten Sing med song og moro. Eg er imponert over kor fint historiene er fortalt, og korleis kvar og ein framstår med verdigheit og levd liv. Bileta er også skikkeleg fine.

Mor mi spurde meg kva eg ville ha fortalt om dersom eg skulle ha vore med i boka. Eg tenkte med ein gong at eg ville ha sagt nei. Det verkar skummelt om heile bygdi skulle ta meg og mitt liv i nærmare augesyn. Difor er eg desto meir imponert over og glad for alle som har vore modige, bydd på seg sjølve og delt av sine liv og tankar med oss andre.

Jorunn Fosse Fidjestøl



Bildetekst: Biskopen var til stades på boksleppet. Han sender si helsing. Her er han saman med Anna Eggum (95) Foto: Sigrid Svartefoss

Kjære kyrkjefolk i Leikanger!

Det var ei stor glede for meg å få være saman med dykk i Leikanger 1. oktober, då boka «Kyrkjefolk» vart presentert. Denne dagen vart ein sterk manifestasjon av det same som eg hadde lese meg til ut frå intervjuar i boka: Folket i Leikanger er glade i kyrkja si! Ho betyr mykje for mange. Dette gleder sjølv sagt hjartet til ein biskop.

Samstundes vil eg gjerne få gjenta den utfordringa eg gav dykk 1. oktober: De som er så glade i kyrkja, må vitja henne også når de ikkje har andre grunnar til å gå enn nett denne at de er kyrkjefolk og høyrer til her. Eg vonar at boka kan føre til at fleire av dykk oftare kjem til gudsteneste i kyrkja og får kjenne at her er de heime. For det er de!

Med ønske om Guds signing og om medvind for dykk alle sender eg mi helsing,

Halvor Nordhaug, biskop i Bjørgvin



Teaterstykket "Frå landevegen" framført i Leikangerkyrkja

Då Kyrkja sanna syndene sine

Teatermelding av Henning Rivedal

Søndag den 8. november 2015 opna Leikanger kyrkje dørene for ei teaterframsyning der Gjertrud Jynge, tok eit sterkt oppgjær med sokneprest Jakob Walnum. Han var tippoldefar hennar og bygde eit "godhetens tyranni" for "dei reisande", tater- og romanifolket, i form av institusjonar som skulle tvangsfor norske og etter kvart hindre at genmaterialet fekk spreie seg ved å tvangssterilisere dei.

Dei mellom 70 og 80 frammøtte i kyrkja fekk oppleve skodespelaren Gjertrud Jynge frå Det Norske Teatret i forrykande samspel med Espen Leite på trekkspel, eller som det for ikkje lenge sidan vart kalla; "djevelens instrument". I tillegg til å skrive stykket "Frå landevegen" der ho kledde av tippoldefaren glorien frå ei samtid som for rundt 100 år sidan gav han utmerkinga Riddar av St. Olavs Orden av 1. klasse, spelte og song ho alle rollar og viste lysbilete.

Og over det heile hang krusifikset, den korsfesta Jesus Kristus og såg ned på den kollisjonen mellom vår tids menneskesyn og eit menneskesyn som først fekk sin endelege slutt då den norske stat i 1989 slutta å yte statsstøtte til dei institusjonar Jakob Walnum var med å reise i landet vårt. Først i 2015 kom statsministeren med ei offisiell orsaking på vegner av den norske stat.

Det same gjorde Kirkens Sosialteneste og Norske Kommuners Sentralforbund.

På meisterleg vis greidde Gjertrud Jynge å fortelje historia om tippoldefaren på ein slik måte at vi sat att med spørsmål som sokneprest Egon Askvik sette ord på då han takka etter framsyninga: "Korleis er det med oss i dag? Kvar er våre blindsoner. Kva kan vi lære av dette"?

Eg sat att med ei stoltheit. Kvaslags kyrkje er det som friviljug vågar å opne dørene sine på ein slik måte? Ein virtuos trekkspelar som fekk trekkspelet til å skrike i fortvilning og smerte. Ein formidlar og skodespelar som reiv glorien av familien si store stoltheit, hennar tippoldefar og ikkje minst det menneskesyn han representerte med slik suksess i si samtid på vegner av den norske kyrkja. Vi såg at det kosta, vi kjende det inn i våre eigne hjarterøter. Likevel greidde ho å få oss på ein måte til å forstå tippoldefaren og hans tid. Vi kjende ingen trong til å gjere med han som det vart gjort med han som hang på korset og overvaka det heile. Vi fekk vere med å ta eit oppgjær med haldningar som er faretruande aktuelle i også vår eiga tid. Difor dirra lufta i Leikanger kyrkje dei tre gongene kvinna Gjertrud Jynge gjekk opp trappa til talarstolen og tok rolla som Jakob Walnum. Dette var stor kunst. Dette var vanskeleg balansekunst som gjekk utanom alle dei hatefulle fallgruvane som ei slik historie lett kunne skapt.

Eg trur at ei kyrkje som vågar å ta slike oppgjer, vert ei sterk kyrkje. Det er difor ikkje vanskeleg å vere samd med Egon Askvik då han avslutta med å seie: "Vi treng meir teater i kyrkja".

Dei som stod bak framsyninga var Sogn og Fjordane fylkeskommune ved fylkesarkivet og Leikanger sokneråd. Framsyninga var ein del av arkivdagen 2015.

Foto: Egon Askvik



Skodespelaren Gjertrud Sofie Jynge har sjølv skrive teksten ho framførte i kyrkja. Espen Leite spelte trekkspel.



Utøvarane frå Det Norske Teateret fekk ståande applaus og fekk mange godord etter framsyninga av "Frå landevegen"

Du ser oss i mørketidslandet

Tekst: Signe Eikenes foto: Egon Askvik

Det er mørketid i landet! Bokstavleg tala og i overført tyding.

Dagane blir kortare og kortare, og mismotet kan gripe tak. Lengst nord i landet vårt har dei tilpassa seg «mørketidslandet» gjennom generasjonar. I "Nordnorsk julesalme" skildrar Trygve Hoff dette gjennom ord og tonar. Songen vart skriven til barne-TV-serien «Lyset i mørketida» på midten av 80-talet, og den handlar om «de evige ordan»: Juleevangeliet i nordnorsk folkereligiøsitet.

Trygve Hoff skildrar armodet og slitet – men også håpet og trua om eit lysare liv.

Om dette er ein tekst som er skriven med bakgrunn i ei svunnen tid, er den høgaktuell også i dag.

Mørketid. Mørkt ute, og mørkt i mange sinn.


Arbeidslivet har blitt tøffare, er det bruk for meg? Kva er vitsen?

Heldigvis har vi ein velferdsstat, ein stat som skal

ta vare på oss når vi treng hjelp. I desse dagar blir velferdsstaten sett på ei hard prøve. Tusenvis av flyktningar har det så «mørkt» i eige heimland at dei søker mot lyset. Finn dei lyset i nord hjå oss? Eit vanskeleg spørsmål. Staten stiller opp, men korleis skal det prioriterast? Spørsmåla kjem nær nokon kvar av oss, og svara vi gir vil vere ulike. Mange gjer ein stor innsats. Gjennom direkte hjelpearbeid, ved gåver, eller rett og slett det å vere eit medmenneske.

Det går mot jul – og for mange av oss betyr det glede og lys. Men ikkje alle rundt oss opplever det slik. Lytt til teksten i Nordnorsk julesalme: Nå har vi den hardaste ria, vi slit med å karre oss fram mot lyset og adventstida, d'e langt sør til Betlehem.

Kjenner du deg att i orda, håper eg du finn trøyst! Ser du nokon rundt deg som har ei mørketid, håper eg du kan finne din måte å vere eit lys på.



*Velsigna du dag over fjordan. Velsigna du lys over land.
Velsigna de evige ordan om håp og ei utstrakt hand.
Verg dette lille du ga oss den dagen du fløtta oss hit.
Så vi kjenne du aldri vil la oss forkomme i armod og slit.*

*Vi levde med hua i handa men hadde så sterk ei tru.
Og ett har vi visseleg sanna: Vi e hardhausa vi som du.
Nå har vi den hardaste ria, vi slit med å karre oss frem
mot lyset og adventstida, d'e langt sør til Betlehem.*

*Guds fred over landet og åsen. La det gro der vi bygge og bor.
Guds fred over dyran på båsen og ei frossen og karrig jord.
Du ser oss i mørketidslandet, du signe med evige ord.
Husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.*

Leikangerkonfirm



Marion Borlaug Orrestad



Andrine Elenni Nornes



Amanda Skarsbø Opthun



Trine Humlestøl Njøs



Mathias Fossberg



Andreas Solberg Høgalmen



Stine Njøs Eikeland



Elisabeth Øvrebø



Ingeborg Røysum Langeteig



Ingemår Fosshagen



Gaute Eliassen Hamre



Sigurd Myklebust



Andrea Henjesand



Brede Nes



Adrian Husabø Thue



Sara Felde Liljedal



Therese Foss Johannesen



Hanna Krosshaug



Amund Bäckstrøm Vikdal

Alle foto: Egon Askvik

konfirmantane 2015-16



Synne Gjerde



Sigurd Stenstadvold



Tina Sælid Heggstad



Magnus Risnes Wolff



Martin Strømseng Opthun



Torunn Lærum Gjølringbø



Kristine Lidal Røysum



Mathias Berge Jørgensen



Joakim Solheim



Helene Talle Ølmheim



Gunvor Hamre Nornes



Amalie Dimmen Henjum



Henrik Farstad Skagen



Frode Offerdal Jakobsen



Amalie Hylseng Haugen



Ørjan Langeteig



Andrèa Langeteig



Joakim Elde Walaker




Kasper Foss Johannesen

Be for konfirmantane

Ung kunst

Kva farge har Gud? Kvifor?
Konfirmantane sine kunstverk




Eld og jord, vatn og kraft.



Eg valde svart fordi då lyser Gud der det er mørkt eller i ei mørk tid.



Eg valde svart og gul fordi når det er svart og mørkt, kan du alltid snakke med Gud og han lyser alltid opp for meg.




Eg brukte alle fargane fordi eg likar dei og dei passar til Gud, fordi han er både glad og trist. Dei lyse fargane viser glad stemning og kjærleik, medan dei mørke syner sorg.



Eg måla jord, fordi Gud skapte henne.



Fordi da e Gud!



Eg brukte grøn, lilla og raud fordi presten brukar det i kyrkja alt etter kva årstid det er. Eg brukte blå fordi det minner meg om Gud i himmelen.



Eg brukte mine fargar fordi eg likar Gud og fargar.



Konfirmantane i Leikanger var helga 4.-6. oktober på leir på Lyngmo. Ei fin oppleving der også konfirmantar frå Norum og Kaupanger deltok. Her var lek og moro, men også undervisning.

Ei av oppgåvene var å laga sitt gudsbilde. Korleis er Gud? Kva farge har Gud?

Julenatt i Leikanger

Mange hugsar

Mange hugsar julaftan i fjor då nær 700 systrendingar fekk oppleve Juleevangeliet på ein måte som gjorde sterkt inntrykk. Me ynskjer gjera det same i år. Det vert tre gudstenester – kl. 12, 1430 og 16. Det er korte førestillingar på om lag 40 minutt.

I våpenhuset møter du sjølvaste keisar Augustus som saman med landshovdingen Kvirinius sjekkar at du er innskriven i manntalet. Romerske soldatar står dørvakt.

Jesusbarnet, englane og gjetarane

Ein nyfødd systrending ligg i krybba denne julekvelden. Englekoret er forsongarar og gjetarane på marka fyller midtgangen.

Me treng både gjetarar og englar. Utfordringa går til dei som var med i fjor, men her er plass til nye. Konfirantar, born, vaksne og eldre – alle er velkomne. Monica Ugulsvik koordinerer.

Ta kontakt monica@sogndal.kyrkja.no eller 466 37 889.

Øving

Det vert ei orientering/øving, særleg for gjetarar og englar, onsdag 16. desember kl. 18-20. Her får alle instruksjon. Det er ikkje vanskelege oppgåver – alle kan vera med.

Alle tek del

Alle som kjem til kyrkje er med og syng dei kjende og kjære julesongane. Dessutan får du høyre fleire solistar og instrumentalistar.

Korleis sikra seg plass i herberget?

I fjor prøvde me oss med gratisbilletter til desse gudstenestene. Dette for at folk skulle vera trygg for at dei fekk plass. Dette fungerte bra og vert gjenteke i år. Men det var nokon som skaffa seg billetter som ikkje vart brukte. Viss du har billetter som ikkje skal brukast, legg dei i kassen som er sett opp i våpenhuset i kyrkja. Kyrkja er open. Her er ventelister!

Gje ei julegåve i kyrkja

Me samlar inn til pengar til Kirkens Nødhjelp. Pengane går mellom anna til innsats for dei mange som er på flukt denne jula. To gjetarar vil stå ved utgangen og ta imot kollekten.

Det vert delt ut billetter i samband med tenning av julegrana på Borgarden laurdag 28. november og etter gudstenesta 29. november. Ikkje ta fleire billetter enn du/de får brukt!



Mange fann vegen til Leikanger kyrkje julekvelden 2014. På to av gudstenestene hadde Soleana og Daniele med seg sin nyfødde som låg i krubba.

*Ver ikkje redde!
Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei
glede for heile folket:
I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er
Messias, Herren.
Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som
er sveipt og ligg i ei krubbe.*



Eit barn er fødd i Aust-Kongo:

Gje tryggleik til jul!

Vesle Victor er barnet til ein namnlaus valdtektsmann og tenåringen Maria som har overlevd det unemnelege. Han er eit barn fødd i smerte og kjærleik. Denne jula kan du vere med og gje ein ny start til born som Victor og mødrer som Maria. Det kan du gjere saman med kyrkjelyden din og Kirkens Nødhjelp.

—Når eg ser på Victor, prøver eg å tenkje på framtida, og ikkje på kva eg har opplevd. Eg elsker han, seier Maria (19). Ho bur framleis saman med sonen på rehabiliteringssenteret Dorcas hus, der overlevande etter krigsvaldtektar får tryggleik, traumebehandling og støtte til å utvikla sitt eige levebrød. Senteret ligg vegg i vegg med Panzi-sjukehuset der Maria er eitt av 50 000 valdtektsoffer som har fått livreddande behandling av den fredsprisnominerte kirurgen Denis Mukwege og teamet hans.

Valdtekt som taktikk

Konflikten i Aust-Kongo held fram. Brutale valdtektar blir brukte taktisk i konflikten for å rive i stykke familiar og lokalsamfunn. Krigen handlar om kontroll over råvarer og rivalisering mellom ulike etniske grupper. Overgripingarane har ofte vore soldatar sidan barndomen, og ofra får store fysiske og psykiske skadar. Maria er ei av mange som også får barn som resultat av

valdtektene:

— Eg vil ikkje at borna mine skal oppleva all valden eg har opplevd. Det vil øydeleggja dei så veldig. Slik kan vi ikkje ha det, seier Maria.

Gje tryggleik til jul!

Kirkens Nødhjelp jobbar med dei som er skada, med dei som skadar andre og med dei som med livet som innsats vil førebyggje vald og skapa tryggleik i Aust-Kongo. Dei siste tre åra har Kirkens Nødhjelp gjeve fleire tusen overlevande etter valdtektar traumebehandling, skulegang og arbeidstrening på ein stad der dei kan kjenna seg trygge.

— Dette arbeidet kan du delta i! For det går heldigvis an å kome på beina att etter øydeleggjande vald. Og valden kan stoppast. Takk for at du er med og gjev tryggleik til jul, seier generalsekretær Anne- Marie Helland i Kirkens Nødhjelp. Sjølv har Maria ei oppmoding til oss:

— Be for oss og landet vårt så valdtekt og vald stoppar!

Panzi-sjukehuset blei oppretta av Dr Denis Mukwege i 1999. Det var meint som eit sjukehus for fødande kvinner, men blei eit valdtektsmottak som måtte spesialisere seg på kirurgiske operasjonar for å redde kvinner og jenter med øydelagde underliv etter krigsvaldtektar. Det har gjeve livreddande behandling til meir enn 50 000 valdtektsoffer.

Dorcas hus er eit rehabiliteringssenter knytt til Panzi-sjukehuset. Her får kvinnene traumebehandling, opplæring og støtte i kvarandre for å kunna klara å leva att og ha eiga inntekt. I tillegg driv senteret forskning og førebyggjande arbeid som spesielt rettar seg mot menn.



Maria (19) bur saman med sonen Victor på rehabiliteringssenteret Dorcas hus, der overlevande etter krigsvaldtektar får tryggleik og hjelp Foto: Kristin Morseth/Kirkens Nødhjelp

Kirkens Nødhjelp er norske kyrkjelydar sin eigen diakonale organisasjon, og har jobba i Aust-Kongo i 25 år, etter å ha støtta diakonalt arbeid i landet sidan 70-talet. Berre dei siste tre åra har 2 541 overlevande etter valdtektar fått traumebehandling, skulegang og arbeidstrening på ein trygg stad som resultat av dette arbeidet. I tillegg fokuserer Kirkens Nødhjelp på fred og forsoning, førebygging av kjønnsbasert vald og å sikra reint vatn og trygge sanitærforhold til folk som er fordrivne på grunn av konfliktane.

Julesong 2015



BJØRN TORE ÅRØY

EINAR BOLSTAD

KARI MALMANGER

INGE RONNY KVÅLE

Leikanger Kyrkje

ONSDAG 9/12 kl. 19

Bill Kr. 200,- FØREHANDSSAL PÅ KIWI HERMANSVERK

LYS / LYD: TROND ØYRE | ØYRE LYD

Luster Sparebank 

EIN AVGRENSA GUD

På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilete som viser Jesusbarnet i krubba. Bak ser vi oksen og eselet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida: HIC ARTATUR DEUS = Her blir Gud avgrensa.

Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste.

Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, Her ligger Han på moders fang».

Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lèt seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne noko stad, så må det vere ute i det uavgrensa rommet, i naturen. Men kva finn vi eigentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje.

Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre

eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand: «Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Johannesevangeliet 1, 14). Jesus, Ordet frå Gud, gjekk rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjer er godt!




Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som menneske- men likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu».

Her blir Gud avgrensa – det betyr at Gud finst over alt, men han lèt seg ikkje møte over alt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvsentrerte perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det

er avgrensa møteplassar, men der er den grenselausa Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



Julehelsing frå Diccon og Sandra

I skrivande stund har vi begynt å legge merke til at det er haust her i England - kortare dagar og mykje haustfargar. Det er først no at vi har tid til å legge merke til det som skjer rundt oss. Sjølv om vi begynte å forberede oss tidleg for flytting tilbake til England, var vi ikkje klar over hvor trøtt vi skulle bli av det. Men vi klarte det ! Vi savner dykk , men har det fine bildet på veggen til å minne oss om Sognefjorden og folket der. Tusen takk til alle - det var en flott gave. No gleder vi oss til å høyre mange engelske julesanger , og ikkje minst høyre juleevangeliet på vårt morsmål. Men "Mitt hjerte alltid vanker" kjem vi til å savne stort. Vi ynskjer dykk alle etc etc..

Sandra og Diccon

Kyrkjevalet
2015

Leikanger sokneråd



Bjørg Anda, leiar



Bjørn Søltnes



Sindre Ramung,
nestleiar



Kolbjørn Nord



Tom Sølve
Myklebust



Åse Kongsvik

Varafolk:



Tove Stensås



Svein Helge
Frækaland



Jorunn Fosse
Fidjestøl



Tone Britt
Myklebust

Nytt frå fellestrådet og kyrkjevevja

Som dei fleste av dykk nok har fått med seg, har det vore arbeidd mykje på kyrkja i det siste. Store stillas har dekkja sidene, og det har vore presenningar og banking og hamring. Det er eit stort vedlikehaldsarbeid som har gått føre seg, og det har vore sårt tiltrengt.

Nytt alarmanlegg.

På Leikanger hadde me ei tid problem med falske alarmar i kyrkja. Nytt alarmanlegg vart difor installert hausten 2014, så no håpar me at det problemet skal vere løyst. Dei falske alarmane har heldigvis stilna.

Kyrkjebygget

Det planlagde vedlikehaldsarbeidet på kyrkja fekk godkjenning frå Riksantikvaren, og firmaet Tharaso AS vart vald til å utføre arbeidet.

Alle skiferheller på yttertak av skip og kor er demonterte, og skiferhellene er heisa ned på bakken og reingjorde.

Det er lagt papptetting (det var ikkje papp der tidligare) på taket med nye sløyfer og lekter. Eksisterande skiferheller er lagt på plass att. Det var ein del heller som var øydelagde, og det er bestilt nye.

Det er også montert nye takrenner.

Utvendig er murvegger sjekka for sprekker og bom i puss, og dette er utbetra. Kyrkja er kalka på nytt, og siste strøk med kalking blir utført når stillaset blir demontert.

Treverk utvendig er sjekka for defekt bordkledning, og der det har vore nødvendig å skifte ut bord, er dette gjort. Alt utvendig treverk er tjørebreidd. Dette ser du kanskje best på tårnet. Sakristiet er også ferdig behandla på utsida. Innvendig er tak i våpenhus, skip og kor isolerte. Det er lagt ny gangbane mellom ytter- og innertak i skipet (oppe på «mørkaloftet»). Dette er gjort for at det seinare skal vere mogleg å innsipere for t.d. fukt.

Det er utført innvending sjekk av murvegger, og der det var behov er det utført flikking med slamming/kalking av murveggen.

Arbeidet har gått som planlagt og skal vera ferdig 30.11.2015, så me håpar at stillas og all banking og hamring skal vere borte i god tid før jul!

Gjerde

Gjerdet rundt kyrkjegarden ved kyrkja er reparert og ferdig måla. Dette er eit godt synleg tiltak som me håpar vil glede mange.

Vidare planar:

Ringeanlegget

Ringeanlegget fekk ein tiltrengt service i august og er no så bra som ein kan få det. Diverre er det av noko eldre dato slik at «reservedelar» ikkje er lett å få tak i. Om ei tid treng ein difor ei oppgradering av anlegget, og all



automatikk må skiftast ut.

Enøk-tiltak

Me har fått utarbeida ein rapport som viser tilstanden til kyrkja når det gjeld energibruk og inneklima. Denne er utarbeida av eit firma som heiter Miljø og RessursDrift. I forkant av rapporten vart det utført regelmessig måling av temperatur og fukt i bygget. Me ynskjer ei bygningsmessig tetting av hovuddøra mellom kyrkjerommet og våpenhuset, oppgradering av den elektriske oppvarminga, samt eit varmestyringsanlegg for betre brukstilpassa drift. Isoleringa av himlinga mot kaldt loft er utført i samband med vedlikehaldsarbeidet no i haust.

Kyrkjeorgelet

Kyrkjeorgelet treng reingjering og intonasjon, men kostnadene kring dette er det vanskeleg å seie noko sikkert om no.

Kyrkjegard

Også kyrkjegardane og kyrkjegardsbygga treng eit løft. Gjerdet på Husabø kyrkjegard og kyrkjegardsbygningen treng å bli måla. I tillegg ynskjer me å finne ut kva som gjer at lysa ute på denne kyrkjegarden ikkje verkar, og få retta opp i denne feilen.

Som de ser er det ynskje om store investeringar i åra som kjem. Alle kyrkjene i fellesrådsområdet er anten freda eller listeførte av Riksantikvaren. Det betyr også at det som skal utførast av arbeid på kyrkjene må gjennom ei godkjenning hjå fleire instansar. Dette gjer også at ting kan ta lengre tid enn ein i utgangspunktet tenkjer seg. Me må likevel seie at me har eit godt samarbeid med både kommunane, bispedømet og Riksantikvaren, så me har god von om å få dette i stand.

Investeringane håpar me vil gjere ting trivelegare og betre for alle, og det store løftet som sjølve kyrkjebygget no har fått håpar, me vil vere til glede for mange og på mange måtar.

Til slutt vil eg berre ynskje dykk ei god jul og eit godt nytt år!

Venleg helsing


Jorunn Merete Haukås-Eide
kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger

Leikanger sokneråd vil selja bøker no før jul - dette vil gje verdifull inntekt til kyrkjelydsarbeidet. Ta kontakt på e-post easkv@online.no eller sms til 90763554 så vert bøkene lagt i våpenhuset til henting. Betaling via giro.

- Kyrkjefolk kr 349,- Gje melding om du vil ha boka signert.
- Boka om Leikanger kyrkje (Terje Eggum) kr. 100,-
- CD Fykande frø - Olav Åm les egne dikt kr 100,-



EGON ASKVIK KYRKJEFOLK



Kyrkjelydsmiddag – ofte stilte spørsmål

Tekst: Monica Ugulsvik Foto: Egon Askvik

Me har teke ein prat med Ingeborg Ugulsvik, kokk og primus motor bak dette nye tilbodet på kyrkjelydshuset.

Korleis kom du på ideen om å starta middagsservering på kyrkjelydshuset?

– Inspirert av tysdagstreffet ynskte eg å gje fleire aldersgrupper høve til å nyta eit godt, heimelaga middagsmåltid for ein rimeleg pris, i lag med andre.

Kvifor kyrkjelydshuset?

– For at kyrkjefolk kan samlast i ein uformell setting, men likevel ei tilknytning til kyrkja.

Men er du heilt aleine om dette?

– Nei! Odrun, Johannes, Gerda med fleire. Det er elles mange andre som har hjelpt til med oppvask og oppatt-rydding. Og me håpar at fleire blir med etter kvart.

Er det populært å eta middag på kyrkjelydshuset då?

– Over all forventning! Det har vore mellom 50 og 70 personar, små og store, kvar gong.

Kva dag og klokkeslett skal folk møte for å få ein god og rimeleg middag?

– Annakvar tysdag, i partalsveker. Me serverar middag frå klokka 16.00 til klokka 18.00, det vil seie at om du kjem 17.30, so får du kjøpa middag.

Og kva kostar denne herlegheiten?

– Me køyrer ein pris: 50 kroner per person, anten du er 1 eller 100 år. Maks 200 kroner per familie.

Kva står på menyen?

– Me prøver å variere. Me har hatt lasagne, ertesuppe, fiskesuppe og gryterett. I tillegg har me alltid ein barnemeny! Eg klarar aldri bestemma meg for kva eg skal lage før dagen før. Men eg vil at det skal vera noko som dei fleste likar og at det er laga frå botnen av. Me har mange planar, so det er berre å komma.

Program – utover middag?

– Me har ikkje program, me vil berre at folk skal få nyta bordfellesskapet, snakka med kvarandre og bli kjende! Me har tenkt på noko for borna.

Blir det noko overskot med so rimeleg pris?

– Ja, faktisk. Utruleg nok – og overskotet går uavkorta til arbeid i kyrkjelyden.

Utsendingen frå kyrkjelydsbladet kan garantere for god mat, etter mange års glede av Ingeborg sine kokkekunster.



- Kosar oss på babysongen

Tekst: Kjersti Villand Foto: Cristina Sandor



Jaran og Kjersti (ved vindauga) på babysong i kyrkjelydshuset.
Det er babysong torsdag 26. november og 3. desember kl. 11-13
Oppstart etter jul vert torsdag 14. januar 2016.

Jaran sine storesøsken var på babysong då dei var små og treivst godt. Me vart difor glade for å høyre at det fortsatt var eit slikt tilbod.

Me storkosar oss på babysong begge to. Synes det er ei fin samling. Songane me syng er varierte, både rolege og med meir tempo. Nokre av dei kjenner me frå tidlegare, og so lærer me nokre nye. No i haust har velkomstsongen "Her har me.." og "Hysj, hysj no kviskrar vi.." vore Jaran sine favorittar. Det er òg veldig stas når Monica bles såpebobler og tek fram "havet".

Etter songsamlinga får ungane ligge og leike saman på golvet, medan dei vaksne et og snakkar litt. Det er fint for både små og store.

Me er veldig glade for at dette tilbodet finst i Leikanger, og gledar oss kvar torsdag me skal på babysong. Flott at Monica ville ta på seg dette etter Sandra flytta, og kjekt at Hallgeir er med på piano. Og so er det flott av damene som stiller opp og dekker bord for oss. Dei gjer ein super jobb alle! :)

Jaran og Kjersti.

Glede og sorg

Dåp

23.08.2015 Olav Holmøyvik Schedel
13.09.2015 Filip Sandal-Borlaug
13.09.2015 Sigurd Røyseth
27.09.2015 Johannes Njøs Hatle
27.09.2015 Jonas Eggum
27.09.2015 Tiril Njøs Høgheim
18.10.2015 Sigurd Brennset Gjerland
15.11.2015 Sunniva Fosse Hjelmeland

Vigsel

10.10.2015 Torill Høgheim og Lars Roar Skarsbø

Gravlagt

28.08.2015 John Svedal
01.09.2015 Anna Hamre
02.09.2015 Ingeborg Årethun
04.09.2015 John Bernhard Skjelbred
18.09.2015 Ole Opheim Røthe
08.09.2015 Johanne Ragnhild Hamre
08.10.2015 Kjell Bergum
22.10.2015 Kjell Steinar Opthun
23.10.2015 Henry Carlsson

Støtt våre annonsører -
dei støttar oss!

 **LEIKANGER Fjord Hotel**
Tlf: 57 65 60 20

 **Leikanger Auto**
Leikanger auto
Telefon 576 53 100

post@leikangerauto.no
www.leikangerauto.no

Aarskog
bakeri og konditori AS

Telefon 576 53 422

**SOGNEFJORD
HOTEL** 

Tlf: 57 65 11 00


Sogn  **gravferdshjelp**

Telefon: 57 68 14 77 (heile døgnet)
E-post post@sogngravferdshjelp.no

Kjell Grønli
Hans Magne Kvåle
Hege Urnes
Ingar Husum
Helge Torstad
Svein Nybø

 **sparebanken**
sogn og fjordane
Tlf: 57 82 97 00
www.ssf.no




Sogn Kontorsenter
Leikanger - Årdal
57 67 66 99
www.sognkontorsenter.no

KIWI mini
pris

TIPPING - RIKSTOTO
08-22 (20)

**coop
prix**

Oppslagstavla!

FYLLER DU 11 I 2016

Første helga i februar (6–7.februar) vert det mykje liv og sprell i kyrkja og kyrkjelydshuset for deg som fyller 11 år i 2016. Me samlast til allsidig program laurdag ettermiddag og held på til langt på kveld, søv heime og fortset med frukost og gudsteneste neste dag. Garantert kjekt. Det kjem invitasjon, men set av helga.

LysVaken

JULEFEST

Soknerådet vil også denne jula skipa til den tradisjonelle julefesten 13.dag jul – 6. januar.

BABYSONG

Det er babysong torsdag 26.november og 3.desember kl.11-13
Oppstart etter jul vert torsdag 14.januar 2016.

TYS DAGSTREFFET

Tysdagstreffet har siste samling før jul 1.desember og byrjar att etter jul tysdag 19.januar. Treffet er annakvar tysdag i kyrkjelydshuset. Synneva Husabø administrerer det praktiske, og har med mange gode hjelparar, Hallgeir spelar til opning, Egon leier og har andakt og som oftast har me ein ekstern gjest som fortel. Det vert servert herleg varmt og påfylgjande kaker og kaffi. For all denne herlegdomen betalar ein kun kr.50

MIDNATTSKONSERT
Juledag kl.23 held Leikanger musikklag sin årlege midnattskonsert i Leikanger kyrkje. Alltid stemningsfull lyssetting. (foto: Egon Askvik)



Det var mykje folk i kyrkja då 4-åringane fekk si kyrkjebok. Det var hausttakkegudsteneste og etter gudstenesta sytte kyrkjetenar Cristina og konfirmantane Andrine og Stine for at alle fekk smaka på dei nydelege fruktene frå Systrond.

Linnea Havnen Borlaug viser stolt fram kyrkjeboka si.



Frivillig kontigent/gåve

Me takkar for gåver til arbeidet i kyrkjelyden.

Konto til kyrkjelydshuset er: 3781.07.30189

Konto til Leikanger kyrkjelyd er: 3705.17.74427

Konto til Leikanger kyrkjelydsblad er:

3781.07.30316

Takk til dei som er faste givarar. Me treng fleire. Ta kontakt med banken og bed om eit månadleg trekk frå privat konto til kyrkjelyden sin konto 3705.1774427.

KYRKJEKALENDAR

Nov/Des 2015

NOVEMBER

Sundag 29.november Fyrste sundag i advent

Kl.11 Adventgudsteneste. Dåp. Takkoffer til Speidararbeidet i Leikanger. Presentasjon av det nye soknerådet.

DESEMBER

Sundag 6.desember Andre sundag i advent

Kl.16.00 Lysmesse. Konfirmantgruppe I. Sokneprest Egon Askvik og kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik. Takkoffer til Kirkens bymisjon, Bergen
Kl.20.00 Lysmesse, Konfirmantgruppe II. Sokneprest Egon Askvik og kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik. Takkoffer til Kirkens bymisjon, Bergen

Sundag 13.desember Tredje sundag i advent

Kl.18.00 Julekonsert med kor og korps.

Julafta 24.desember

Kl.12.00 Leikanger sjukeheim
Kl.12.00 Leikanger kyrkje. "Julenatt i Leikanger"
Kl.1430 Leikanger kyrkje. "Julenatt i Leikanger"
Kl.16.00 Leikanger kyrkje. "Julenatt i Leikanger"

Du får gratisbilletter ved julegrantenning 28.november og etter gudstenesta 29.november. Ikkje ta fleire enn du treng og legg dei tilbake i våpenhuset om dei ikkje skal brukast (her vert ventelister)
Kollekt til Kirkens Nødhjelp på alle gudstenestene/framsyningane.

Juledag 25.desember

Kl.12.00 (merk tida) Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Egon Askvik og kantor Hallgeir Øgaard. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap. Leikanger mannskor tek del.

Kl. 23.00 Midnattskonsert ved Leikanger musikklag

Nyårsafta 31.desember

Kl.16.00 Gudsteneste ved nyttår. Me minnest dei som døydde i 2015.

Vinter 2016

JANUAR

Sundag 17.januar

kl.11.00 Gudsteneste

Sundag 31.januar

Kl.19.00 Salmar& kaffi i Ølmheim kyrkje
NB: Fellesgudsteneste med Norum kyrkjelyd

FEBRUAR

Sundag 7.februar

Kl.11.00 Gudsteneste i samband med Lys Vaken for 11-åringane.

Sundag 21.februar

Kl.11.00 Gudsteneste

Sundag 28.februar

Kl.19.00 Salmar & kaffi

MARS

Sundag 6.mars

Kl.11.00 Gudsteneste

Sundag 13.mars

Kl.19.00 Maria bodskapsdag. Konfirmantgruppe leier gudstenesta.



Sjå oppdaterte gudstenestelister på

<http://www.leikanger.kommune.no/kyrkjekalender.4850977-172067.html>